



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Plan- og kommunalteknisk utval
Møtedato:	31.01.2024
Møtetid:	13:00 -17:00
Møtestad:	Lonevåg, rådhuset- Heradsstyresalen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti
Herdis Helle	leder	AP
Johannes Haugland	nestleiar	SP
Kari Laurhammer Mjøs	medlem	KRF
Johannes O Borge	medlem	H
Ruben Nielsen	medlem	FRP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Kommunalsjefen for samfunnsutvikling, leiar for teknisk forvaltning, politisk-adm.
Sekretariat

Møteprotokoll er publisert på kommunens nettside og vert godkjent i neste møte.

Runar Ludvigsen

Møtesekretær

Sakliste

Saksnr	Sakstittel
PS 1/24	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 2/24	Godkjenning av møtebok
PS 3/24	Referatsaker og meldinger
RS 1/24	Stadfesting av vedtak - byggesak - Osterøy 111/75 - oppføring av tilbygg og påbygg til eksisterande fritidsbustad
RS 2/24	Stadfesting av vedtak - Osterøy 145/7 - Nordre Reigstad - Klage på avslag om oppretting av ny grunneigedom
RS 3/24	135/1 - Runnhovda - Vedtak - omgjeriing av kommunen sitt dispensasjonsløyve til bygging av barnehage i LNF-område
PS 4/24	Delegerte saker
PS 5/24	OFFENTLEG HØYRING. REGULERINGSPLAN FOR MJELSTAD DEPONI - 2. gong handsaming.
PS 6/24	Gbnr 118/64 - Søknad om dispensasjon til oppføring av tilbygg til fritidsbustad
PS 7/24	137/40 - Valestrand - Søknad om dispensasjon frå rekkefylgjekrav
EV 1/24	Andre saker/spørsmål

Herdis Helle

Utvalsleiar

PS 1/24 Godkjenning av innkalling og saksliste

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Ruben Nielsen, FRP, varsla spørsmål om feiing til slutten av møte.

Utvalsleiaren varsla spørsmål om plansakene i kommunen til slutten av møte.

Johannes Haugland, SP, varsla to spørsmål til slutten av møte.

Ruben Nielsen, FRP, hadde slik merknad: Vedlegg om dei delegerte sakene mangler til saken.

Kommunedirektøren, ved sekretariatet, kommunalsjefen for samfunnsutvikling og leiar for teknisk forvaltning svarte.

Utvalsleiar ba administrasjonen arbeide vidare med ei løysing som gjer at utvalsmedlemmene og innbyggjarane får tilgang til /innsyn i saksdokumenta i dei delegerte sakene på ein enkel måte. Dels fordi det er behov for innsyn i kommunal praksis og dels fordi politisk nivå, på nærmare vilkår, har omgjeringsadgang.

Det var elles ingen merknader til innkalling og saksliste

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 1/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

PS 2/24 Godkjenning av møtebok

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 2/2024 Godkjenning av møtebok:

Utvalsleiaren og Johannes Haugland, SP, hadde merknad til sak 99/23 "GBnr. 66/1" i møte 29.11.2023.

Når det er saker ein ønskjer å gjere vedtak i, eller endre vedtak i, må det meldast inn og settast på sakskartet, både av omsyn til medlemmene i utvalet, innbyggjarar og andre som skal ha høve til å kome med innspel. I denne saka vart ikkje berre klaga etter jordlova teken til fylgje. Utvalet omgjorde også eit tidlegare vedtak i ei anna sak på same GBnr, utan at dette var informert tydeleg om eller tatt inn på sakskartet. At ein mellombels dispensasjon etter plan- og bygningslova vart endra til ein permanent, vart ikkje utvalsleiar og Johnannes Haugland, SP merksame på før etter møtet var avslutta.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 2/2024 Godkjenning av møtebok:

Møteprotokoll frå 29.11.2023 vert godkjend med slik merknad til sak 99/23 "GBnr. 66/1":
Når det er saker ein ønskjer å gjere vedtak i, eller endre vedtak i, må det meldast inn og settast på sakskartet, både av omsyn til medlemmene i utvalet, innbyggjarar og andre som skal ha høve til å kome med innspel. I denne saka vart ikkje berre klaga etter jordlova teken til fylgje. Utvalet omgjorde også eit tidlegare vedtak i ei anna sak på same GBnr, utan at dette var informert tydeleg om eller tatt inn på sakskartet. At ein mellombels dispensasjon etter plan- og bygningslova vart endra til ein permanent, vart ikkje utvalsleiar og Johnannes Haugland, SP merksame på før etter møtet var avslutta.

PS 3/24 Referatsaker og meldinger

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 3/2024 Referatsaker og meldinger:

Det var ingen merknader til referatsakene

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 3/2024 Referatsaker og meldinger:

Referatsakene vert tekne til vitande.

PS 4/24 Delegerte saker

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 4/2024 Delegerte saker:

Johannes Borge, H, hadde spørsmål til DS 5/24 "Hosanger prestegard".

Leiar for teknisk forvaltning svarte.

Johannes Borge, H, hadde spørsmål til DS 14/24 "Haus næringsplan".

Leiar for teknisk forvaltning svarte.

Johannes Haugland, SP, ønskjer tilsendt dei delegerte sakene som omhandlar konsesjon, DS 350/23 og 391/23.

Johannes Haugland, SP, hadde spørsmål til DS 372/23 "Espevoll".

Leiar for teknisk forvaltning svarte.

Johannes Haugland, SP, hadde spørsmål til DS 390/23 "Myking bru".

Leiar for teknisk forvaltning svarte.

Det var elles ingen merknader til dei delegerte sakene

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 4/2024 Delegerte saker:

Dei delegerte sakene vert tekne til vitande

PS 5/24 OFFENTLEG HØYRING. REGULERINGSPLAN FOR MJELSTAD DEPONI - 2. gong handsaming.

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 5/2024 OFFENTLEG HØYRING. REGULERINGSPLAN FOR MJELSTAD DEPONI - 2. gong handsaming.:

Johannes Haugland, SP, sette fram slikt endringsframlegg:

"Plan og kommunalteknisk utval ber at om administrasjonen – før heradstyret si handsaming – undersøker om planføresegnene er oppdaterte. Det vert gjort særskilt merksam på at føresegner om massehandtering må oppdaterast i samsvar med samfunnsplanen.

3. Fellesføresegner for heile planområdet

3.4 Massehandtering.

Dersom det ikkje er massebalanse, må det utarbeidast ein massehandteringsplan parallelt med planarbeidet. Overskotsmassar skal nyttast best mogleg og med kortast mogleg transport for å auke og betre tilhøve for jordbruk og skogbruksdrift. Dette må i størst mogleg grad nyttast lokalt for å auke areal som kan haustast og nyttast maskinelt."

AVRØYSTING:

Johannes Haugland, SP sitt endringsframlegg vert samrøystes vedteke

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke.

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 5/2024 OFFENTLEG HØYRING. REGULERINGSPLAN FOR MJELSTAD DEPONI - 2. gong handsaming.:

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-10 tilrår Plan- og kommunalteknisk utval at forslaget til reguleringsplan for utviding av Mjelstad deponi PlanID 4630_2021001 vert lagt ut til offentleg høyring, med frist for å levere merknader 05.04.2024.

Plan- og kommunalteknisk utval tilrår at tidlegare reguleringsplan Mjelstad restdeponi, PlanID 4630_504_65 frå 1998, vert oppheva samtidig med vedtak av ny reguleringsplan PlanID 4630_2021001 (Plan- og bygningslova §12-12, jf. §12-14)

Endringframlegg:

Plan og kommunalteknisk utval ber at om administrasjonen – før heradstyret si handsaming – undersøker om planføresegnene er oppdaterte. Det vert gjort særskilt merksam på at føresegner om massehandtering må oppdaterast i samsvar med samfunnsplanen.

3. Fellesføresegner for heile planområdet

3.4 Massehandtering.

Dersom det ikkje er massebalanse, må det utarbeidast ein massehandteringsplan parallelt med planarbeidet. Overskotsmassar skal nyttast best mogleg og med kortast mogleg transport for å auke og betre tilhøve for jordbruk og skogbruksdrift. Dette må i størst mogleg grad nyttast lokalt for å auke areal som kan haustast og nyttast maskinelt.

PS 6/24 Gbnr 118/64 - Søknad om dispensasjon til oppføring av tilbygg til fritidsbustad

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 6/2024 Gbnr 118/64 - Søknad om dispensasjon til oppføring av tilbygg til fritidsbustad:

Kari L. Mjøs, KRF, hadde slik merknad: Ber om at det i framtida står adresse og bilde av kartutsnitt av eigedomen det gjeld i saksutgreiinga.

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 6/2024 Gbnr 118/64 - Søknad om dispensasjon til oppføring av tilbygg til fritidsbustad:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 oppføring av fleire tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 118 bnr. 64, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Grunngjeving: Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket. Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

PS 7/24 137/40 - Valestrand - Søknad om dispensasjon frå rekkefylgjekrav

Handsaming i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 7/2024 137/40 - Valestrand - Søknad om dispensasjon frå rekkefylgjekrav:

AVRØYSTING:

Samrøystes vedteke

Vedtak i Plan- og kommunalteknisk utval - 31.01.2024 av sak 7/2024 137/40 - Valestrand - Søknad om dispensasjon frå rekkefylgjekrav:

Kommunen gjev dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7 nr. 5 oppføring av fleire tilbygg til eksisterande fritidsbustad på gnr. 118 bnr. 64, jf. plan- og bygningslova § 19-2."

Grunngjeving: Omsyna bak regelen det er søkt om dispensasjon i frå og omsyna i føremålsreglane i lova vert ikkje vesentleg tilsidesett. Etter ei samla vurdering er fordelene med å gje dispensasjon klårt større enn ulempene. Det er i tillegg føremålstenleg å gje dispensasjon til tiltaket. Sjå i tillegg kommunedirektøren si vurdering.

EV 1/24 Andre saker/spørsmål

Ruben Nielsen, FRP, hadde spørsmål om feiing.

Kommunedirektøren, ved kommunalsjefen for samfunnsutvikling, svarte.

Johannes Haugland, SP, hadde spørsmål om korleis ein lettast mogleg finn protokollar frå tidlegare møte.

Kommunedirektøren, ved sekretariatet, svarte.

Johannes Haugland, SP, hadde spørsmål om resultat for hjortejakta.

Kommunedirektøren, ved leiar for teknisk forvaltning, svarte.

Utvalsleiaren hadde spørsmål om det går an å få ein orientering til neste møte om kva planaer som er i kommunen og kva planar administrasjonen meiner det er naudsynt å oppdatere i inneværande heradstyreperiode.

Leiar for teknisk forvaltning orienterte om brev frå statsforvaltaren om ein endring i praksis vedr. dispensasjonssaker jf. pbl. § 19-2.

Til å skrive under på møteprotokollen saman med utvalsleiaren vert desse valde: Kari L. Mjøs og Johannes Haugland